

Statsråd, gode frivilligheitskolleger –

Takk for at vi får kome hit og diskutere eit tema som i sin konsekvens har noko å seie for enkeltmenneske, lokalsamfunn og idéfellesskap i heile Noreg, nemleg korleis dei frivillige organisasjonane og regjeringa kan samhandle betre til felles beste.

Vi er invitert til å innleie kort om det som fungerer godt og det som fungerer mindre bra i denne samhandlinga på våre felt i dag. For Unge funksjonshemmede er det naturleg å flette saman desse to aspekta. Vi har eit godt samarbeid med regjeringa og statsapparatet, både på politisk nivå, embetsnivå i departementa og med dei ulike fagdirektorata. Samarbeidet femnar om både enkeltsaker og løpande arbeid. Samtidig har alle desse samarbeidsflatene eit utviklingspotensiale. Som på dei fleste andre område i Noreg er mykje svært bra og betre enn i dei fleste andre land, likevel kan nesten alt utviklast til noko endå betre for begge partar. Det er tre felt vi vil trekkje fram, som vi trur har størst forbettringspotensiale, og som vi meiner bør bli dekkja opp i ei intensjonserklæring.

For det første: **Staten må bli betre på samhandling med seg sjølv.** Departementa som har koordineringsansvar for frivilligheit (Kulturdepartementet) og ungdom og funksjonshemma (BLD) er ofte langt unna dei store prosessane på for oss viktige område som arbeidsliv og helse, der vi treng frivillig innsats og ungdomsperspektiv. Kunnskap og

kompetanse når ikkje alltid fram frå "våre" departement og direktorat til dei som tek avgjerdsleane, og vi må sjølve pushe fram løysingar som allereie finst systemet. Med all respekt, vi kunne også trenge ei intensjonserklæring for korleis dei ulike departementa og direktorata kunne samhandle betre, utveksle kunnskap og erfaringar og samarbeide om koordinert innsats for felles mål. Vi har det siste året sett forsøk med felles oppdrag og bestillingar til fleire av dei store direktoratene. Det ønskjer Unge funksjonshemmede å sjå meir av.

For det andre: **Staten må avbyråkratisere samhandlinga med oss.** Manglende koordiering på statleg nivå blir nemleg også synleg i ein langt mer prosaisk samanheng: Støtteordningar. Det er framleis alt for mange ulike regime og regelverk knytta til støtteordningar for dei same målgruppene. Kvart direktorat, sitt regelverk, sitt søknads- og rapporteringsregime, sine skjema, og aller verst: Sine definisjonar! Her er vi framleis langt frå å oppfylle løfta om avbyråkratisering. Vi ønskjer oss éi nettside, éin portal og å sende inn same dokumentasjon til staten berre éin gong. Når det er mogleg for private verksemder og enkeltpersonar i langt større grad enn for frivilligheita, handlar det om ei prioritering. I tillegg handlar avbyråkratisering også om å vere varsam med å opprette stadig nye prosjektordningar knytta til statens og regjeringas ulike mål, framfor å sikre ei mer *robust* grunnstøtte som gjev rom både til kjerneverksemda og til å gjere den innsatsen innanfor folkehelse, inkludering og førebygging som organisasjonane er

så gode på, men då på vår eigen måte knytta opp mot kjerneverksemda.

For det tredje: **Staten må mainstreame representativ medverknad.** Organisasjonane er frivillige samanslutningar av enkeltmenneske med felles interesser, idéar eller behov. Dei er representative og demokratiske. Derfor må organisasjonane vere utgangspunktet for medverknad på alle nivå i det offentlege, frå brukarutval ved det lokale NAV-kontoret til eit offentleg utval som skal sjå på studiefinansiering. Det er når brukarar representerer fleire enn seg sjølve at vi har medverknad frå brukarane, ikkje berre enkelte eller tilfeldige brukarar. Og det er når desse brukarane får opplæring, konkrete, førebudde saker å gje innspel på som dei kan lufter i eigne organisasjonar, og konkrete tilbakemeldingar om korleis innspela er tekne vidare, at vi får matnyttig, representativ medverknad for alle involverte partar.

Til slutt, om **oppfølging**. Alle vi som sit her i dag, har dei beste intensjonar for samarbeidet mellom frivillig sektor og regjeringa med sitt statsapparat. Likevel veit vi at intensjonar må bli til praksis for å få konsekvensar. Derfor er det heilt avgjerande for at ei slik intensjonserklæring skal ha noko å seie at det ikkje blir med intensjonane. Tverrdepartementale utval kjem og går, dei tverrsektorielle utfordringane består.

Vi trur regjeringa bør identifisere nokre egne standardar for denne samhandlinga, og heilt avgjerande, nokre fungerande

mekanismer som sikrar at standardane blir følgde.

Tverrdepartementale utval har vel ikkje vist seg som ein slik god mekanisme for samhandling eller å ivareta standardar, heller ikkje ulike former for lovfesting, jamfør mållova. Det er fristande å avslutte med å seie "Hvor er Schjøtt-Pedersen", og med det etterlyse om ikkje ein mektig, grå samordnings-eminense på SMK med ei hand på rattet og den andre på statsbudsjettet, så i alle fall eit definert og plassert politisk ansvar for at standardane og den vidare dialogen som vi blir einige om, faktisk følgjast opp i det løpande, daglege arbeidet i *alle* departementa. Det held ikkje å gjere som Maria møy med budskapen ho fekk, gøyme orda i sitt hjarta og grunda på dei. Her må statsråden ut og gjere alle departement og direktorat til sine samhandlings-disiplar.